

Retningslinjer 12.11.2019:

## Tilskot til verna kulturminne i Vestland

Tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi.

### Kven kan søkje – absolute kriterier

Kommunar i Vestland og eigarar av regionalt verdfulle kulturminne registrert i kulturminnedenbasen Askeladden.

### Kva kan støttast – absolute kriterier

Kommunane kan berre søka tilskot til faste kulturminne i Vestland som enten er:

1. Prioritert i kommunal kulturminneplan.
2. Regulert til bevaring/omsynssone etter plan- og bygningslova.
3. Vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Tiltak som stettar fleire av dei tre kriteria skal prioriterast.

Tilskot skal i første rekke nyttast til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg. Tilskot kan også nyttast til andre tiltak i handlingsplan til kulturminneplan som kurs og formidling.

Kva kan ikkje støttast:

- Tiltak på kulturminne i statleg, fylkeskommunalt eller kommunalt eige.
- Tiltak på freda kulturminne.
- Ordinær vedlikehald og drift.
- Kommunal sakshandsaming knytt til ordninga.

Det vert ikkje gjeve tilskot til kommunar som finansierar eiga forvaltning av ordninga med avgift pålagt brukarane.

## Føremål med ordninga

Det overordna målet er å sikra regionen sine kulturminneressursar som vitkapeleg kjeldemateriale og grunnlag for nålevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Tilskotsordninga sitt føremål er å minimalisera tapet av verneverdige kulturminne, gjennom å støtte kommunar som tek ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Ordning skal stimulere til auka innsats på kulturminnefeltet og styrka vern av prioriterte kulturminne av lokal og regional verdi.

### Søknadsfrist:

1. februar

### Ytterlegare moment ved skjønnsutøvinga

Rammetilskotet til kommunane vert tildelt etter fylgjande prioriteringar:

- A. Om det er etablert kommunal tilskotsordning for kulturminne, tel det positivt.
- B. Om kommunen har eigedomsskatt, vert det rekna som positivt om kommunen gjev fritak for bygningar med historisk verdi.
- C. Kulturminnet sin verdi og viktigkeit av tiltaket.
- D. God framdrift- og finansieringsplan, samt lokal forankring.

### Vilkår for tildeling

Tildeling føreset minst 50% kommunal eller anna finansiering av tiltaket. I særlege høve kan kravet fråvikast. Tiltaka skal fylge antikvariske retningsliner og utførande handverkarar må ha utdanning eller realkompetanse innan bygningsvern og kunne vise til erfaring frå tilsvarende prosjekt.

## **Søknadskrav**

Søknaden frå kommunen må innehalde ei kort skildring av tiltaka med finansiering- og framdriftsplan i prioriterte rekjkjefølge.

## **Varighet**

Tilskotet gjeld ut tildelingsåret og det påfølgande året.

## **Oppfølging, rapportering og kontroll**

Rapportering/kontroll:

Kommunane skal rapportere til fylkeskommunen innan 1. februar året etter tilskot er gjeve. Rapporten skal innehalde:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Oversikt over kostnader og finansiering for kvart tiltak.

Fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve.

## **Misleghald**

Dersom tiltaka ikkje vert gjennomført eller det ligg føre vesentleg avvik, skal tilskotsmidlane førast attende til fylkeskommunen.

## **Klage**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søker har motteke melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Vestland fylkeskommune.

Vi gjer merksam på at søkerar etter Forvaltningslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følger av §§ 18 og 19.